



## **Referat soknerådsmøte 25. september 2018 kl. 18:15 på kyrkjekontoret**

Til stades: Lars Svendsen, Ragnhild Husa, Jostein Husa, Solrunn Gullaksen, Per Børge Hillestad og Mia Etokebe.

Meldt forfall: Erling Walderhaug, Tone Sævi, Olav Husa, Anna Marit Storemark og Turid Moldøyen.

### **Saksliste:**

S 43/18 Godkjenning av innkalling og referat – ok

S 44/18 Skriv og meldingar

- Inspirasjonsamling for alle soknerådsmedlemmar 17. november. Kyrkjeverje sender invitasjon på e-post. Påmelding innan 14. november.
- Budsjettpålegg (sjå vedlegg)- Kyrkjeverje og soknerådsleiar har vort i møte med rådmann og snakka om planer framover.
- Info om kyrkjegarden (sjå vedlegg)
- Info om utvidinga av vegen opp til kyrkja – Kyrkjeverje skal på synfaring med Kjell Samnøy for å få eit prisoverslag på jobben.
- Vi kjøper ny mikrofon til lesepulsten. Kyrkjeverja bestiller den frå Trond Einar Sørensen.
- Per Børge har sagt opp sin stilling som sokneprest på Fedje og Austrheim. Han begynner i ny jobb 1. januar 2019. Han vil fortsette med G2 og bibeltimar førebels fram til sommaren.

S45/18 Trusopplæringa – Per Børge Hillestad presenterer ei skisse. Det blir lagt fram eit forslag om å tilsette ein ungdomsarbeider i prosjektstilling frå 1. januar til juni 2019. Med vedlegg.

S46/18 Babettes gjestebod 24. oktober. Treng folk til å rigge frå kl. 16.00 denne dagen. Dei treng og litt forfriskingar og kaffi på sakristiet. Det vil og bli naudsynt å få nokon til å ta billettsalet og vere brannvakter under arrangementet. Soknerådet tek på seg dette.

S47/18 Rutinar ved offer. Vi har no gått inn i ein avtale med Nokas og brukar nattsafen på Mastrevik. Offerbilag skal no ikkje vere med i posen ilag med offeret, men leggst i ein eigen mappe i prestesakristiet.  
Sjå vedlegg



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S48/18 Litt informasjon om G2: Vi tek ein liten evaluering rett etter møte på søndag. Vi må låne krokodilledrakta frå Austrheim, for løva vi kjøpte var for skummel. Søndagsskulemedarbeidarar: Eline, Anna Sofie og Anne-Magnhild. G2 går som planlagt fram til juni 2019. Kyrkjevevja bestiller nytt kostyme til søndagsskulen. S49/18 Status for gjevartenesta: 48 000,- kr årleg i gjevarteneste så langt. I tillegg kjem trusopplæringsmidlane. Kyrkjevevja tek med giroar i konvoluttar til G2 til dei som ønskjer å bruke det.

S50/18 Julefesten: Det er vår tur til å arrangere den. Den blir den 6. januar 2019. Kyrkjevevja finn fram papira frå sist, så planlegger vi den på neste møte.

S51/18 Eventuelle sakar:

- Valnemnd må på plass. Oddvar Husa har sagt ja, vi treng minst 2 til. Kyrkjevevja ringer Ingrid Nilsen, Kjell Samnøy, Odd Torstensen, Erling Herøy, Edvard Koppen, Gerd Marie Villanger, Kåre Berge og Kåre Paulsen.
- 50 års konfirmantane ønskjer at alle skal bli lest opp i kyrkja. Både dei som er til stades, dei som ikkje møtte og dei som hat gått bort.
- Olav har fått permisjon frå soknerådet ut året.
- På neste møte må vi ha val på ny leiar og nestleiar.
- Vi treng litt meir grunnkompetanse på lydanlegget i kyrkja. Kyrkjevevja vil ta kontakt med Trond Einar Sørensen og få til eit enkelt kurs for kyrkjetener og andre som skal bruke anlegget.
- Kyrkjevevja skal snakke med kommunen om å få internetttilgang i kyrkja no når dei legger fiber på øya.

For soknerådet: Mia Etokebe

Leiar: Lars Svendsen